



Arkivnr: 2014/14434-1
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 23.04.2014 |
| Kultur- og ressursutvalet | | 13.05.2014 |
| Opplærings- og helseutvalet | | 13.05.2014 |
| Fylkestinget | | 11.06.2014 |

Landbruksmelding for Hordaland 2014 - 2017

Samandrag

Dette er det fyrste dokumentet knytt til landbruk som behandlas av fylkestinget i Hordaland. Målet med meldinga er å styrkje rekruttering til landbruket i Hordaland, samt å auka produksjonen på gardane. Det er to grunnar til at ein har valt å ha merksemd på auka rekruttering til gardsbruka i fylket: Det er avgjerande for å få til ny vekst i landbruket, og det regionale nivået har eit monaleg handlingsrom med verkemiddel og kompetanse.

Landbruksmeldinga har døme på tiltak samla i 4 ulike strategiar. Dei fire strategiane er: auka lønsemd og større investeringsrammer, meir langsiktig areal politikk, eigarskifte med meir positiv motivasjon; «sluttpakker» og «startpakker» og fleire med meir positiv handlingar til landbruket. Landbruksmeldinga ønskjer eit meir optimistisk perspektiv på landbruket. Det er lagt vekt på at alle aktørane knytt til landbruket må jobbe saman for å løfte fram kor viktig landbruket er for verdiskapinga i samfunnet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek landbruksmeldinga og ber om at det settas i verk to pilotprosjekt med utgangspunkt i strategiane og døme til tiltak i dette meldinga.
2. Fylkestinget ynskjer at landbruk etablerast som et punkt under statistikk i vest.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2014

1.0 BAKGRUNN

Fylkesutvalet handsama 23.02.2012 sak om Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2012. Det vart gjort fylgjande vedtak:

«Hordaland fylkeskommune vedtek at det skal setjast i gang arbeid med ei landbruksmelding for Hordaland»

I Fylkesrådmannen sitt framlegg står det:

«Det er eit behov for ei lokal landbruksmelding for Hordaland for å lyfte landbruket på dagsorden. Samstundes vil ei melding tydeleggjere kva som er status for Hordalandslandbruket, kva slags utfordringar ein står overfor og ikkje minst kva som er handlingsrommet for næringa. Arbeidet med ei lokal landbruksmelding må gjerast i tett samarbeid med dei andre aktørane i landbruket».

2.0 OM MELDINGA

Hordaland fylkeskommune er eigar av meldinga og vil ha hovudansvaret for at tiltak vert planlagde og gjennomførte og at måla i meldinga vert nådd.

Målsetjinga med meldinga er å styrke rekrutteringa til gardane i fylket, og med dette medverke til meir produksjon på gardane. Det er to grunnar til at ein har vald å ha merksemd på dette. Rekruttering er avgjerande for å få til ny vekst i landbruket, samtidig som at det regionale nivået har eit monaleg handlingsrom med virkemiddel og kompetanse knytt til dette.

Medverknad og deltaking

Landbruksmeldinga er utforma i nært samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge og landbruksorganisasjonane i Hordaland.

Styringsgruppa for meldinga har vore breitt samansett og har bestått av:

Bård Sandal, Fylkesdirektør for regional utvikling
 Mette Nora Sætre, Nærings sjef
 Ole Bakkebø, Landbruksdirektør
 Åse Vaag, Assisterande landbruksdirektør
 Jon Larsgård, Ordførar i Jondal kommune
 Lars Peter Taule, Hordaland bondelag
 Jarle Helland, Hordaland bonde- og småbrukarlag
 Ole Andreas Smette, Innovasjon Noreg
 Håkon Kibsgaard Jordet/ Jostein Farestveit/ Heidi Bjønnes Larsen, Hordaland fylkeskommune (sekretær)

Prosess

Meldinga er i stor grad basert på ei strategisamling, gjennomført 6. mars 2013, med om lag 40 breitt samansette deltakarar. På denne samlinga vart det peika ut strategiar som seinare har vore drøfta i tre mindre møter for vidareutvikling og konkretisering i veke 17 2013. I tillegg har det vore avklaringsmøter med styringsgruppa i løpet av skriveprosessen.

Meldinga har ikkje vore på noko høyringsrunde, men det har vore mogleg å kome med innspel undervegs i utarbeidinga.

Gjennomføring og handlingsprogram

Gjennomføringa av meldinga må i praksis skje i nært samarbeid med dei andre regionale nivåa, Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling, òg landbruksorganisasjonane, kommunane, rettleiaratenestene og eldsjeler i lokalsamfunna.

Landbruksmeldinga er meint som eit supplement til «Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017» og handlingsprogrammet til næringsplanen vil difor òg vere handlingsprogrammet til landbruksmeldinga. Meldinga vil òg supplere «RULL-strategien 2011-2015», og slik kunne vere førande for bruken av desse midlane. Meldinga kan vidare vere førande for noko av bruken av virkemidlane som Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Hordaland rår over.

Innhald

Meldinga er i tillegg til kapittel 1 som er presenter ovafor delt inn i fylgjande kapittel:

- **Kapittel 2: Ni grunnar til å satse på landbruket i Hordaland**

Kapitlet presenterer ni grunnar til at det er viktig og rett å satse på landbruket i fylket framover. Her vert det mellom anna vist til Stortingsmelding nummer 9 (2011-2012) og Sundvollen erklæringa, kor ein har som mål å auke landbruksproduksjonen i årene framover. For å nå dette målet må ressursane takast i bruk over heile landet, og her er Hordaland viktig, med sine store landbrukskommunar. Vidare i kapitlet vert det mellom anna peika på potensialet som ligg i fruktdyrking, skogsressursar og viktigheita av landbruk for lokalsamfunna.

- **Kapittel 3: Utfordringar for rekrutteringa til landbruket i Hordaland**

Dette kapitlet tar opp utfordringar som direkte og indirekte verkar inn på rekrutteringa til gardane i fylket. Direkte faktorar er mellom anna lønsemd i landbruket, låge rammer på bygdeutviklingsmidlane frå Innovasjon Noreg og at eigarskiftet er ein krevjande prosess. Indirekte faktorar som påverkar rekrutteringa er mellom anna attraktiviteten i sysselsettingstilbodet utanfor bruket og tilgjenge på skogsressursane i fylket.

- **Kapittel 4: Mål for «Landbruksmelding for Hordaland»**

Her presenterer ein målet med meldinga. Det overordna målet for landbruket nasjonalt er å auke matproduksjonen. Hordaland ynskjer å bidra til dette målet ved å auke rekrutteringa til næringa. For å auke rekrutteringa må det bli: Meir fagleg, sosialt og økonomisk attraktivt å bli bonde.

Kapittel 5: Strategiar for auka rekruttering

Kapittel 5 tek opp fire strategiar med døme på tiltak som svar på dei utfordringane som er nemnde i kapittel 3. Strategiane byggjer på innspela frå strategisamlinga 6. mars 2013 og er:

- *Auka lønsemd og større investeringsrammer*
- *Meir langsiktig arealpolitikk*
- *Eigarskifte med meir positiv motivasjon; «sluttpakker» og «startpakker»*
- *Fleire med meir positive haldningar til jordbruket*

Kvar av strategiane presenterer 3-4 dømer på tiltak for å møte desse strategiane.

- **Kapittel 6: Korleis vi skal gjennomføre landbruksmeldinga**

Det siste kapitlet tar føre seg gjennomføring av meldinga og vegen vidare. I tillegg til det som er nemnt tidlegare i saka knytt til handlingsprogram, peikast det her på konkrete tiltak for å gjennomføre døma i meldinga, mellom anna blir det foreslått å gjennomføre to pilotprosjekt. Positive resultat og erfaringar frå fylket må formidlast til sentrale styresmakter.

3.0 KOORDINERING TIL ANDRE PLANAR

Meldinga må sjåast i samband med andre strategiske dokument i landbruket. Det gjeld sjølvstilt den nemnde stortingsmeldinga, men òg «Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013-2017», «RULL – strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland for 2011 – 2015», «Regionalt næringsprogram for landbruket i Hordaland 2013 – 2017», samt «Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017». «Klimaplan for Hordaland 2010-2020» er og en viktig plan for landbruket i Hordaland. «Regional areal og transportplan for Bergensområdet» er under utvikling og skal behandlast

politisk i 2015. Det er viktig å sikre merksemd på landbruksareal i denne planen. Eit anna sentralt dokument er «Matstrategi for Hordaland» (under arbeid i 2014). I dette dokumentet er det ei rad strategiar for betre samarbeid mellom landbruk og fiskeri med sikte på å auke verdiskapinga innanfor matproduksjon og styrke identiteten til Hordaland som matregion. Landbruksmeldinga er dels basert på RULL-strategien, men ingen av dei andre dokumenta inneheld eksplisitte strategiar for styrking av rekrutteringa til landbruket i Hordaland.

4.0 FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING

I forvaltningsreforma 2010 blei fylkeskommunane tildelt eit større ansvar for landbruk. Hordaland fylkeskommune kjem nå med innspel til jordbruksoppgjeret og forvaltar ei årlig fordeling av rekruttering og kompetanse midlar som tildeles frå staten. Denne meldinga er den fyrste landbruksmeldinga som behandlas politisk av fylkestinget i Hordaland.

Landbruk er ei næring der ein må tenke i lengre tidshorisontar. Eit godt drevet landbruk skal komme kommande generasjonar til gode. Eit aktivt landbruk handlar om å produsere tilstrekkeleg god og rein mat. I tillegg er det viktig å sikre råvareproduksjon for norsk næringsmiddelindustri, samt sørge for norsk sjølvberging. Eit aktivt landbruk handlar om eit levande kulturlandskap, til glede for alle som bor i regionen og reislivsnæringa. Landbruket er ei viktig næring for heile Hordaland. Landbruket i Hordaland har over tid vore prega av stadig færre bruk i drift. Denne meldinga skal bidra til å motverke denne trenden. Det er gledeleg at Hordaland får ei landbruksmelding som skal gi eit løft for landbruket i Hordaland. Målsetninga med melding er gjere det meir fagleg, sosialt og økonomisk attraktivt å bli bonde og dermed styrkje rekrutteringa til gardane i fylke og auke produksjon og lønsemd.